

Vedtekter for Stiftinga Tuddal Montessoriskule



§ 1 Namn

Stiftinga sitt namn er Stiftinga Tuddal Montessoriskule.

§ 2 Formål

Stiftinga Tuddal Montessoriskule er ei allmenntilgjengelig privat stifting med formål å drive grunnskule med høg pedagogisk standard i Tuddal, basert på Maria Montessori sine læringsprinsipp. Stiftinga skal drive ei skulefritidsordning dersom styret finn dette formålstenleg. Skulen har heile landet som inntaksområde.

§ 3 Forretningsstad

Stiftinga skal ha sine kontor og sin administrasjon i Hjartdal kommune. Skulen sine undervisningslokale skal vere lokalisert i Tuddal.

§ 4 Grunnkapital

Stiftinga sin grunnkapital utgjer kr. 100.000,- (eitthundretusen kroner).

§ 5 Styret

Stiftinga og skulen skal ha eit styre med 6 medlemmar og 4 varamedlemmar:

- 5.1. Fire (4) faste medlemmar og to (2) varamedlemmar veljast av årsmøtet i stiftinga. Kvar medlem veljast for fire år og kan veljast på ny. Begge kjønn skal vere representerte blant styret sine faste medlemmar. Minst ein av styret sine faste medlemmar bør ha inngåande kunnskap om montessoripedagogikk. Det er høve til å velje styremedlemmar for ein kortare periode enn 4 år dersom skulen sitt behov tilseier dette. Styret kan vedta dispensasjon frå gjeldande funksjonstid.
- 5.2. Ein styremedlem med varamedlem veljast av foreldra sitt arbeidsutval (FAU) for eitt år om gongen.
- 5.3. Ein styremedlem med varamedlem skal innan slutten av mai månad veljast av undervisningspersonalet ved skulen. Valet gjeld for eitt år om gongen. Dagleg leiar (rektor) er ansvarleg for innkalling til og gjennomføring av valet. Dersom det er fleire kandidatar til verva, skal valet skje skriftleg.
- 5.4. Dagleg leiar (rektor) har i kraft av si stilling, rett og plikt til å ta del i styret si handsaming av saker og til å uttale seg dersom ikkje noko anna er bestemt av styret i kvar einskild sak. Ved fråvær møter den som er i rektor sin stad som styreprerentant. Dagleg leiar (rektor) kan ikkje bli oppnemnd til medlem eller varamedlem av styret.
- 5.5. I tillegg til medlemmane i styret kan det vere éin (1) representant for andre tilsette ved skulen, to (2) representantar for elevrådet og éin (1) representant oppnemnd av Hjartdal kommune med møte- og talerett i styremøta.

5.6. Styret sine varamedlemar (jfr. punkt 5.1 – 5.3) har møte- og talerett i styremøta, men berre forslags- og stemmerett dersom medlemen dei er vara for, har forfall.

Endring av representantar og vararepresentantar i styret skal meldast til Stiftelsestilsynet og til Einingsregisteret i Brønnøysund.

Umyndige personar eller personar som kan setjast i konkurskarantene etter Konkursloven, kan ikkje vere styremedlemar.

Styreleiar veljast av og blant styret sine faste medlemar som er valt av stiftinga etter avgjersla i punkt 5.1 ovanfor, for ein periode av 2 år om gongen. Det er høve til å velje styreleiar for eitt år om gongen dersom skulen sitt behov tilseier dette. Ved likt tal stemmer ved val av styreleiar eller møteleiar avgjerast valet ved loddtrekning.

§ 6 Styret sine oppgåver

Styret er stiftinga sitt øvste ansvarlege organ, og skal sjå til at stiftinga sitt formål blir etterlevd og at stiftinga drivast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og stiftinga sine vedtekter.

Styret er også skulen sitt øvste ansvarlege organ, og skal sjå til at skulen drivast i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, og etter dei normene og vedtektene som skulen sjølv har sett opp.

Styret skal:

- 6.1. Sjå til at elevar i opplæringspliktig alder som blir tekne inn ved skulen, får oppfylt retten til grunnskuleopplæring, og melde frå til foreldra og heimkommunen til elevar som over lengre tid ikkje møter fram til undervisninga utan lovleg grunn,
- 6.2. Minst éin gong i året fastsette storleiken på foreldrebetalinga (skulepengane),
- 6.3. Vedta budsjett og rekneskap for skulen,
- 6.4. Fastsette inntaks- og ordensreglement for skulen, fremje saker om flytting og bortvising av elevar,
- 6.5. Fremje saker om flytting etter Friskolelova sin § 3-3 første ledd og bortvising etter Friskolelova sin § 3-10 andre ledd,
- 6.6. Ha ansvar for at skulen har ei forsvarleg forvaltning av økonomi og rekneskap,
- 6.7. Sjå til at offentlege tilskot og skulepengar kjem elevane til gode,
- 6.8. Sjå til at offentlege krav og føresetnader for verksemda blir oppfylte,
- 6.9. Sørgje for å ha rett og naudsynt kompetanse i verksemda. Styret skal ha eit system som gjev undervisningspersonale, skuleleiar og personale med sær oppgåver ved skulen høve til naudsynt kompetanseutvikling, med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen, og å halde seg orienterte om og vere på høgd med utviklinga i skulen og samfunnet,
- 6.10. Etablere og utvikle eit forsvarleg system for vurdering av om krava i gjeldande lover og forskrifter, og føresetnadene for godkjenninga, blir oppfylte,
- 6.11. Etablere og utvikle eit forsvarleg system for å følgje opp resultatata frå vurderingane nemnd ovanfor i punkt 6.10 og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører. Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i skulen knytt til læringsresultat, fråvær og læringsmiljø,
- 6.12. Sjå til at vurderingar av i kva for grad organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa medverkar til å nå dei mål som er fastsett i skulen sin læreplan blir gjennomførte,

6.13. Tilsette og eventuelt seie opp dagleg leiar (rektor). Styret tilset skulen sitt personale etter skriftleg innstilling frå dagleg leiar (rektor),

6.14. Fastsette løns- og arbeidsavtale for leiinga i skulen og retningslinjer for andre tilsette,

6.15. Vedta stillingsinstruksar

§ 7 Rekneskap og revisjon

Det skal førast eigen rekneskap for stiftinga. Rekneskapen skal reviderast av ein statsautorisert eller registrert revisor. Rekneskapen skal førast og avsluttast i samsvar med gjeldande lovar og forskrifter. Styret avgjer kvart år revidert rekneskap og årsmelding, som skal ligge føre seinast to veker før årsmøtet. Rekneskap og årsmelding sendast aktuelle offentlege styringsorgan og gjerast tilgjengeleg for føresette og tilsette. Styret er ansvarleg for at budsjett utarbeidast.

§ 8 Representasjon av stiftinga

Styret forpliktar stiftinga. Styret kan gje styremedlemar eller dagleg leiar (rektor) rett til å representere stiftinga, aleine eller i fellesskap. Styret kan når som helst kalle tilbake slik fullmakt. Styret kan gi ein eller fleire personar rett til å inngå avtaler i namnet til stiftinga («meddele prokura»).

§ 9 Dagleg leiar (rektor)

Stiftinga skal ha ein dagleg leiar (rektor) som står for den daglege drifta av verksemda omtalt i § 2. Dagleg leiar (rektor) tilsetjast av styret og skal følge dei retningslinjene og pålegg styret gjev.

§ 10 Elevråd

Skulen skal ha elevråd med representantar for elevane. Skulen fastset talet på elevrådsrepresentantar. Elevane vel elevrådet ved skriftleg avstemming. Representantane skal veljast seinast tre veker etter oppstart av eit nytt skuleår kvar haust.

Elevrådet skal mellom anna fremje elevane sine fellesinteresser og arbeide for å skape eit godt lærings- og skulemiljø.

Ein medlem av undervisningspersonalet skal ha som oppgåve å hjelpe elevane. Denne elevrådskontakten har møte- og talerett i elevrådet.

§ 11 Foreldreråd og foreldrerådets arbeidsutval (FAU)

Skulen skal ha eit foreldreråd og et arbeidsutval (FAU). Foreldrerådet er alle føresette til barn i skulen. Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) veljast av og blant medlemane i foreldrerådet på foreldremøte i siste halvdel av mai kvart år. Dette foreldremøte er for føresette til skulens elevar og elevar som startar på skulen neste skuleår. FAU har minst fire representantar og to varamedlemar, likt delt mellom små- og mellomtrinnet eller tilsvarande gruppeinndeling. Foreldrerådet vel to av FAU-representantane til styremedlem og varamedlem av styret, og gir med dette styremedlemer og varamedlemer fullmakt til å representere foreldrerådet og uttale seg på vegne av dei i alle saker som vedgår dei som gruppe.

Personval skal skje skriftleg dersom det finst fleire kandidatar enn det er plassar.

Ved alle val har kvar føresett ei stemme for kvar elev dei har i skulen. Dersom eleven har éin føresett, har denne to stemmer.

Det bør vere jamnleg kontakt mellom leiar av FAU og Rektor ved skulen.

§ 12 Inntaks- og ordensreglement

Opptak av elevar er regulert gjennom eige inntaksreglement. Styret fastset og vedtek kvart år eventuelle endringar av inntaksreglementet.

Ved inntak skal dagleg leiar (rektor) gjere ordensreglane kjende for elevane og foreldra. Reglementet skal til ei kvar tid vere i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Styret fastset og vedtek kvart år eventuelle endringar av ordensreglement for skulen. Ordensreglementet skal vere tilpassa montessoripedagogikken sine prinsipp.

§ 13 Oppseiing av skuleplass, flytting og bortvising

Skuleplass kan seiast opp etter reglane som gjeld til ei kvar tid. Skulepengar må betalast jfr. reglane som gjeld til ei kvar tid.

Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein grunnskuleelev i særlege tilfelle flyttast til ein offentleg skule i heimkommunen etter dei kriteria som går fram av Friskolelova.

Styret kan i ordensreglementet til skulen fastsette at elevar som alvorleg eller gjentekne gongar bryt reglementet, kan bortvisast frå undervisinga for enkelttimar eller for resten av dagen etter dei kriteria som går fram av Friskolelova.

Oppseiing av plass må gjerast skriftleg. Oppseiingsfristen i skuleåret er tre månader. Siste frist for oppseiing av skuleplass for neste skuleår er 1. april.

§ 14 Foreldrebetaling

Styret fastset satsen for foreldrebetaling (skulepengar, SFO, matpengar mv.) innan 1. desember. Vedtekne satsar gjeld frå neste skuleår dersom ikkje særlege grunnar tilseier noko anna. Ved manglande betaling, kan dei føresette miste retten til plass for sine barn i skulen påfølgande skuleår. Oppseiinga sendast skriftleg.

§ 15 Skulefritidsordning (SFO)

Skulen kan gi tilbod om SFO. Tilbodet sitt omfang, opptak og oppseiing og betaling går fram av søknadsskjemaet. Endringar i tilbodet kan førekome frå år til år.

§ 16 Kvalitetssikring og internkontroll

Skulen skal drivast i samsvar med gjeldande lover og forskrifter og i samsvar med montessoripedagogiske prinsipp for dei respektive alderstrinna.

Skulen si leiing i samarbeid med det pedagogiske personalet, skal kvart skuleår utarbeide ein årsplan som inneheld skulen sine satsingsområde, hovudmål og delmål i tråd med Friskolelova. Planen skal leggest fram for styret i første styremøte kvar haust.

Skulen skal ha eit kvalitetssystem for å følgje opp resultatata frå det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet for elevane.

Skulen skal utføre internkontroll i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Det skal avviklast to vernerundar pr. år. Vernerunden skal sjå på fysisk miljø, psykososialt miljø og omfatte ein brannvernrunde. På vernerunden skal dagleg leiar, tillitsvalt frå undervisningspersonalet, verneombod og styret vere representerte.

§ 17 Forsikring

Stiftinga pliktar å teikne ulykkesforsikring for barna i skulen. Stiftinga har inga erstatningsplikt for barna sine egedelar på skulen.

§ 18 Teieplikt og opplysningsplikt

Stiftinga sitt styre, leiinga og personalet har teieplikt i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Skulen har opplysningsplikt til sosial- og barneverntenesta i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

§ 19 Årsmøte

Årsmøte blir halde minst ein gong kvart år innan 15. mai. Årsmøtet er sett saman av stiftinga sitt styre. Dagleg leiar (rektor) og styret sin leiar har møteplikt.

Til årsmøtet har medleamar av foreldrerådet på skulen møterett, men ikkje stemmerett.

Innkalling sendast ut skriftleg med minst to vekers varsel.

Alle føresette kan innan 1. april kome med forslag til medleamar i styret si faste gruppe. Val av nye faste medleamar skal gjerast av årsmøtet etter innstilling frå styret si faste gruppe. Maksimalt to (2) nye faste medleamar og ein (1) ny varamedlem kan veljast i skuleåret.

Årsmøtet skal behandle:

- 19.1. Godkjenning av årsmelding og fastsetting av rekneskap
- 19.2. Bruk av overskot eller dekking av underskot
- 19.3. Val av nye, faste medleamar og varamedleamar til styret
- 19.4. Val av revisor
- 19.5. Eventuelle vedtektsendringar
- 19.6. Eventuelt avgjere omgjering/oppløysing av stiftinga

I årsmøtet blir avgjersler vedteke med vanleg fleirtal, unntatt ved vedtektsendringar og endringar i stiftinga sine formål der det blir kravd 3/4 fleirtal, sjå § 20 nedanfor.

Ved kvart årsoppgjer skal styret ha som framtreddande målsetting til ei kvar tid å skape ein solid kapitalbase slik at stiftinga kan forsvare forplikningane sine og med dette sikre framtidig drift og utvikling.

Ekstraordinært årsmøte kan innkallast når minst tre av styret sine medleamar ønsker det. Styret sender ut skriftleg innkalling med minst to vekers varsel.

Når styre- eller varamedlem går ut av styret i ein periode dei er valt for, kan årsmøtet gjennomføre suppleringsval for å erstatte medlemen som har gått ut av styret. Nye styre- eller varamedleamar som blir valt på denne måten, får funksjonstid som medlemen dei erstattar.

§ 20 Endring av vedtekter

Endring av desse vedtektene blir avgjort ved vedtak i styremøte og påfølgande årsmøte.

Vedtektsendringar skal skje med 3/4 fleirtal i begge møta. Mellom styremøte og årsmøte skal forslaget til endring sendast til dei tilsette og til dei føresette til orientering med ein frist på minst tre veker til å kome med merknader.

§ 21 Omdanning av stiftinga sitt formål, oppheving og avvikling

Omdanning, oppheving og avvikling av stiftinga, blir vurdert av styret når særskilde tilhøve tilseier dette, for eksempel ved for svak elevtilgang, vesentlege endringar i lovverket som gjeld for stiftinga si verksemd eller andre forhold som gjer vidareføring av drifta svært vanskeleg. Vilkåra for avvikling etter Stiftelsesloven må samstundes vere oppfylte.

Ei innstilling med forslag om omdanning av stiftinga, oppheving og avvikling, krev fleirtal etter reglar om vedtektsendringar i § 20.

Ved avvikling av stiftinga tilfelle stiftinga sine frie midlar eit, av styret bestemt, allmennyttig formål som kjem lokalsamfunnet i Tuddal i Hjartdal kommune til nytte.

Etter eit årsmøtevedtak om oppheving og avvikling, må søknad om opphøyr sendast Stiftelsestilsynet som deretter vil prøve om vedtaket er i samsvar med gjeldande lover og vedtekter.

§ 22 Endringslogg

Styreinstruksen er:

Vedtatt i stiftingsmøte 16.12.2017.

Sist endra i årsmøte 12.5.2022.